

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 09.03. 2021 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Camilla Rubach, Elin Taranger, Gerda Bondø og Aksel Lygre. Desse møtte ikkje: Marta Fauskanger Ekberg, Heidi Torkelsen Fagervik.

Sak 19 – 2021 Godkjenning av møtebok frå 09.02.21, møtebok frå 17.02.21, AU møte 23.02.21 og innkalling.

Møtebøker og innkalling godkjend.

Sak 20 – 2021 Oppfølging av tidlegare saker.

Flaumlys. Rune orienterte. Flaumlys er på plass. Takk for at det er gjort!

Montering av kamera og anna utstyr for strøyming frå Moster kyrkje: Saka vert utsett til april.

Årsmøtet den 18.03.21 ser ut til å kunna gjennomførast. Siste førebuande avtalar: Kort bibeltime ved Aksel, som annonsert. Elin kan ikkje stille, så Gunnvald presenterer rekneskap og budsjett. Ikkje bevertning. Revidering av liturgi presentert og lagt fram for godkjenning.

Sak 21 – 2021 Kontrakt med redaktør av jubileumsbok.

Gunnvald Bjotveit orienterte og la fram grundig og godt forslag til kontrakt.

Vedtak: Soknerådet vedtek den framlagde kontrakten, og legg den fram til forhandling med redaktør av jubileumsbok. Kasserar og nestleiar tek denne forhandlinga med redaktøren.

Sak 22 – 2020 Honorar til redaktør av jubileumsbok.

Aksel orienterte.

Vedtak: Soknerådet bed nestleiar og kasserar om å forhandla med redaktør av jubileumsboka om honorar ut frå retningslinjer gitt i møtet.

Sak 23 – 2021 Vidare arbeid med jubileumsbok og feiring av 150-årsjubileum for Moster kyrkje

Skisse til budsjett og planar for finansiering, anbodsrunde for trykking og korleis me tenkjer om distribusjon vart diskutert.. Førebels dato- og temaplan for feiringa vart lagt fram.

Vedtak: Soknerådet tok innspel frå komiteen til vitande, og vil saman med komiteen, arbeida vidare med budsjett, finansiering, anbodsrunde for trykking og distribusjon av jubileumsbok. Opplegg for feiringa vil bli over heile året, etter dei føringar komiteen så lang har gitt, og hovudfeiringa vert 1.søndag i advent 2024.

Sak 24 – 2021 Konfirmasjon og gudsteneste 2021

Aksel informerte.

Vedtak: Soknerådet tek praktisk ansvar for gjennomføring av dei gudstenestene som vert arrangerte, både konfirmantgudsteneste og konfirmasjonar.

Konfirmantgudstenesta vert 25. april kl. 11.00, og ut frå gjeldande smittevernreglar kan kvar konfirmant ha med seg ein gjest. Soknerådet ser det som viktig at alle konfirmantane får vere saman på konfirmantgudstenesta. Det vert ikkje tradisjonell konfirmantfest. Konfirmasjonsgudstenestene for våren vert den 08. og 09. mai og me prøver å fordele konfirmantane på desse to gudstenestene så likt som råd. Det same gjeld for konfirmasjonsgudstenestene den 18. og 19. september.

Sak 25 – 2021 Miljøtiltak for konfirmantar 2021 - 2022

Aksel orienterte, og soknerådet drøfta ulike modellar.

Vedtak: Soknerådet tek til vitande framlegg til miljøtiltak for konfirmantane, og bed soknepresten og kyrkjelydspedag om å lage ein konkret plan. Det vart lagt fram følgjande forslag til miljøtiltak: Tur og miljøgruppe, bibel og prat-gruppe, -med deltaking i gudstenester, musikk/drama-gruppe, omsorg for andre-gruppe, og trusopplæringsmedhjelpargruppe.

Sak 26 – 2021 Ny representant til Støttekomité for Moster gamle kyrkje.

Kristian Johnsen har vore Moster kyrkjelyd sin representant gjennom mange år.

Vedtak: Soknerådsmedlemmene kjem med forslag til ny representant til støttekomiteen til neste møte i april.

Sak 27 – 2021 Referat og meldingar

Kyrkjemusikalsk utval: Vert teken til vitande.

Orgelkomiteen

Trusopplæringsutvalet

Frå fellesrådet og administrasjonen

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Sak 28 - 2021 Kleskode på konfirmantgudstenesta.

Vedtak: Sidan konfirmasjonane vert haldne både i mai og september, går me inn for at det ikkje vert nytta konfirmasjonsklede.(Finstas til tradisjonell konfirmasjon.) Kun vanlege finklede.

Per Harald Gjerde

Skrivar